

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested:	Telefonmøte
Dato:	04.03.2019
Tidspunkt:	12:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til undertekna på e-post eller telefon 94880564.
Vararepresentanter møter etter nærare varsel.

Oppkopling telefonmøte:
Ring 800 88 860
Slå kode 605747#

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



Jotunheimen
nasjonalpark

Mobil: 948 80 564

Fylkesmannen i Oppland
Postadresse: Postboks 987, 2626 Lillehammer
Besøksadresse: Norsk Fjellsenter, 2686 Lom

Epost: fmopksv@fylkesmannen.no
Internett: www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/
Alle vedlegg blir skanna for virus

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2019	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2019	Referatsaker		
RS	Nasjonal ramme for vindkraft - Innspill fra Miljødirektoratet og Riksantikvaren		2019/4706
RS	Vedtak - Jotunheimen NP - Dam og vannvei Memurubu minikraftverk - Lom Kommune		2018/618
ST 3/2019	Delegerte vedtak		
1/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Bruk av snøscooter i samband med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein		2019/6412
ST 4/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2019		2019/5230
ST 5/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019-2023 - Drift av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og Omegn		2019/3458
ST 6/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og behov for opprydding ved Memurubu		2019/5429
ST 7/2019	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Oppføring av lagerbygg - gnr. 155 /1/335 - Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine - Rudi og Skogum Bygg AS		2019/5398
ST 8/2019	Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Bruk av snøskuter Eidsbugarden-Olavsbu-Gjendebu-Skogadalsbøen - Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps		2019/5461
ST 9/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2019 - Merking og gjennomføring av konkurranse løp - Raid des Trolls en Norvège - Raids & Adventure v/ Paul Vilcot		2019/3533
ST 10/2019	Eventuelt		

ST 1/2019 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 2/2019 Referatsaker

**Nasjonal ramme for vindkraft - Innspill fra
Miljødirektoratet og Riksantikvaren**

2019/4706

**Vedtak - Jotunheimen NP - Dam og vannvei
Memurubu minikraftverk - Lom Kommune**

2018/618

ST 3/2019 Delegerte vedtak

1/2019

**Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark -
Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Bruk av
snøscooter i samband med byggearbeid ved
Gjende - Stokk og Stein**

2019/6412

Arkivsaksnummer:	2019/5230-5	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	26.02.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	4/2019	04.03.2019

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2019

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner møteplan for 2019, med val av dato der det er fleire alternativ å velja i:

Dato	Alternativ dato	Ramme for møtet
4. mars		Telefonmøte
29. april I april skal Valdresflye vera open, og Vang er høveleg møteplass	10. mai Sognefjellsvegen skal vera opna, og eit møte 10. mai kan kombinerast med samlinga Lomsløftet	
13. juni Årdal – med synfaring Utladalen/ Vettisfossen	21. juni Årdal/Utladalen	Mogleg å kombinere med nasjonalparkfestivalen 2019 Årdal/Utladalen om ein vel 21. juni. Festivalen held fram i helga
6. september Vågå/Sjodalen		Aktuelt: synfaring området Gjendeosen / Reinsvangen Kombinere med møtet i fagleg rådgjevande utval?
15. november		Hovudsak Bestillingsdialogen

Møtekalenderen blir supplert med møte i Arbeidsutvalet dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Samanstilt kalender som viser datoar for kommunestyre, formannskap, fylkesting, fylkesutval og fylkeskomitear, og ut frå dette aktuelle ledige datoar. Dette er dei utvala der både fast representant og vararepresentant vil vera opptekne samtidig. Ut over dette må ein kunne rekne med å nytte ordninga med vararepresentant i enkelte høve.

Arkivsaksnummer:	2019/3458-1	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	23.01.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	5/2019	04.03.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019-2023 - Drift av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen § 3 pkt. 6.3 c), e), f), h), j), k), l) og m) og verneforskrifta for Utladalen LVO § 3 pkt. 6.3 f), g), h) og j) dispensasjon til Den Norske Turistforening Oslo og Omegn for motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av hytter og stikking/merking av løyper i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde..

Detaljert innhald og spesifiserte vilkår i løyvet går fram av vedlegget.

Løyvet gjeld for fireårsperioden 2019-2022, og vert automatisk forlenga for eitt år om gongen dersom ingen av partane ser behov for revisjon eller justeringar. Heile eller delar av løyvet kan trekkjast attende dersom vilkåra ikkje blir fylgd. Det skal førast kjørebok som dokumenterer oppfølginga, med innsending av rapport innan 1. mai for vintersesongen, og innan 1. november for sommarsesongen.

DNT Oslo og Omegn har etter dette løyvet ansvar for gjennomføringa av motorferdsel knytt til deira verksemd i verneområda. Det er særskilt viktig at organisasjonen har gode rutinar for at nye tilsette/aktørar vert gjort kjent med og forstår innhaldet i dette løyvet. Gode rutinar for rapportering vil også bidra å sikre ei god gjennomføring.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Gjeldande løyve gjeve i sak 5/2013 - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Motorferdsel ifm. drift og vedlikehold av turisthytter og kvisting av vinterruter. Løyvet vart gjeve for 2013-2015, med automatisk forlenging for eitt år om gongen inntil det vert revidert.
- Årlege rapportar og andre dokument som følgjer det gjeldande løyvet
- Referat frå dialogmøte med DNT Oslo og omegn 13. november 2018
- Sårbarheitsanalyser for fugl i Jotunheimen – Rapport Aust-Jotunheimen januar 2015 og delrapport 2 Vest-Jotunheimen datert 08.02.2019 frå Kistefos Skogtjenester v/ Geir Høitomt

Saksopplysningar

Gjeldande løyve er utskrive med utgangspunkt i tidlegare verneforskrift, som fekk ein omfattande revisjon i 2014. Eit nytt løyve må koplast til dei respektive paragrafpunkta slik dei er nummererte i oppdatert forskrift. Etter 5 år er det uansett behov med ein samla gjennomgang av praksis og moglege forbetringar. Enkelte punkt vart også tekne opp for førebels drøfting i dialogmøte med DNT Oslo og Omegn 13.11.18.

Kunnskapsgrunnlaget er også styrka ved at ein har fått utført sårbarheitsanalyse og kartlegging av rovfugllokalitetar både i Aust- og Vest-Jotunheimen.

Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Jotunheimen nasjonalpark (§ 3, 6.1):

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 gje løyve til følgjande:

c)	<i>Bruk av beltekøyrety på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer.</i>
e)	<i>Motorferdsel på Glitterheimsvegen for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til Glitterheim turisthytte, samt transport av funksjonshemma.</i>
f)	<i>Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretingar.</i>
h)	<i>Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.</i>
j)	<i>Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.</i>
k)	<i>Bruk av beltekøyrety på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.</i>
l)	<i>Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.</i>
m)	<i>Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.</i>

Utladalen LVO, § 3 pkt. 6.3 *«Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*

Bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre, bil på Koldedalsvegen og Vettisvegen eller luftfartøy i samband med;

f) Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.

g) Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretingar.

h) Transport av personale for drift av turisthytter, i samsvar med forvaltningsplan

j) Utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.»

For kvisting av skiløyper set § 3 pkt. 1.2 d) i begge verneforskriftene krav om forankring i forvaltningsplanen: *«Kvisting av løyper i samsvar med forvaltningsplan.»*

Formål som ikkje er forankra i dei spesifiserte dispensasjonsheimlane må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. nml § 48. Slike formål skal vera knytt til særskilde enkelttilfelle, og kan ikkje nyttast som heimel for å gje fleirårige løyve til drift.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Generell føring i planen er at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og omfang av motorferdsel skal derfor haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel kan forstyrre fugle- og dyrelivet, og er i tillegg eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet, jf. siste ledd i formålsparagrafen, § 1:

«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging»

Motorferdsel knytt til turisthytter har følgjande føringar i kap. 8.15.2 (relevante utdrag):

«- - Også innafor ei turistbedrift sitt område (spesiell sone for tilrettelegging og inngrep) skal

omfanget av motorferdsel haldast på lågast mogleg nivå, og det er berre transport av varar/tungt utstyr det vil bli gjeve løyve til. - - - Motorkøyretøy er framandelement i verneområda, og med mange motoriserte køyretøy er det vanskeleg å halde kontroll med ulovleg bruk av desse.

For betjente hytter som ligg inne i verneområda er det behov for å kunne transportere personalet som driv hyttene. Dette gjeld Skogadalsbøen, Glitterheim (vegtilknytning), Memurubu (båttransport) og Gjendebu (båttransport). Med "transport av personale til turisthyttene" forstås forvaltningsstyresmakta inn- og utfrakting av personale når dei reiser og når dei kjem for arbeidsperioden sin. Dette gjeld både sommar og vinter. - - -

Med "drift" av turisthyttene - - - meinast naudsynt transport av varer, personale, handverkarar og tyngre utstyr som ikkje kan transporterast med rutebåten på Gjende. For - - - bruk av traktor - - - vil det berre bli tillate med køyring for transport av varer, tyngre reiskap og andre tyngre oppgaver der maskinkraft er naudsynt. Køyring utover dette vil ikkje bli tillate.»*

*Merknad-1: strekane i sitatet er sett i staden for referering til ulike paragrafar i forslaget til verneforskrift som fylgde planutkastet, da desse nummera ikkje er lik nummereringa i endeleg vedteken revidert verneforskrift.


Merknad-2: Forslag til revidert forskrift for Jotunheimen hadde transport av personale som definert unntaksheimel, men dette kom ikkje med i den reviderte forskrifta av 14.11.14. Det skuldast truleg ei utegløyning, da det ikkje er nærare kommentert kvifor det er avvik frå den faglege tilrådinga på dette punktet. Ein vidarefører derfor etablert praksis på dette punktet.

Når det gjeld vinterløyper er følgjande lagt til grunn i kap. **8.7. KVISTING AV SKILØYPER**
«Kvisting av vinterruter i verneområda skjer i eit relativt stort omfang (sjå kart) i ein konsentrert periode før påska, og er viktig for kanalisering av ferdsla i ein periode der fugle- og dyreliv er sårbart etter ein lang vinter. Utkøyring og oppsetting av kvist skjer mest berre med snøskuter. Det er ønskjeleg at denne motoriserte ferdsla også i framtida blir utført i ein konsentrert periode. - - -

Retningslinjer:

Kvisting av skiløyper skal ha løyve og bør i hovudsak følgje dei merkte sommarrutene. Til merkinga skal det som hovudregel nyttast kvist av norske treslag. I samband med kvisting av skiløyper skal motoriserte køyretøy blir nytta minst mogleg. Når det blir nytta motoriserte hjelpemiddel til sjølv kvistinga, skal dette i størst mogleg grad skje i ein konsentrert periode og etter ein plan som gjev minst mogleg motorferdsel. Ved kvisting av løyper skal det takast omsyn til faunaen.»

Kartvedlegget under viser sonedelinga i forslaget til forvaltningsplan:



I dei grøne sonene skal det ikkje vera tilrettelegging i form av merking eller kvista løyper. Glitterheim, Gjendebu, Skogadalsbøen og Fannaråhytta ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

Naturmangfaldlova

Dispensasjonar blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Presedens

Det er fleire aktørar med næringsverksemd i nasjonalparken, og forvaltningspraksis bør vera mest mogleg lik for alle. Memurubu Turisthytte fekk fornya sitt motorferdselløyve ved vedtak i sak 54/2017. I tillegg til nødvendig oppdatering med forankring i dei aktuelle punkta i revidert verneforskrift, vart det sett sterkare fokus på rapporteringsrutinar når det gjeld gjestetransport i vintersesongen, som har ei direkte avgrensing til maksimalt 2 turar i veka gjennom ordlyden i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 m). Same krav til rapportering må stillast til dei to andre bedriftene nemnde i i dette punktet. Gjeld per d.d. Glitterheim, da Gjendebu for tida ikkje nyttar seg av høvet til å drive gjestetransport på vinterføre.

Vurdering

DNT si verksemd i Jotunheimen har historie tilbake til heilt i oppstarten av foreininga i 1868. DNT sin aktivitet har både historisk og i dag vore viktig for utviklinga av friluftsliv generelt i landet og i Jotunheimen og Utladalen spesielt. Gjennom stinettet og hyttene har fjellområda blitt gjort tilgjengelege for folk flest. Over tid har det også skjedd ei utvikling i friluftslivet, og fleire av turisthyttene er i dag store bedrifter plassert både innanfor og i randsonen til verneområda. Desse store hyttene er viktige for dei større gruppene av fotturistar, meda dei mindre

sjølvbetjeningshyttene er viktige supplement for fotturristar som i større grad vil klare seg sjølve og oppleve naturen på eiga hand.

DNT Oslo og Omegn har i fleire år hatt eit samla løyve for motorferdsel i heile verneområdet som omfattar både drift av turisthyttene og kvisting av utvalde vinterruter. Løyvet gjeve for perioden 2013-15 har vorte automatisk forlenga for eitt år om gongen til nå. Dispensasjonen blir i hovudsak vidareført med same innhald, men treng revisjon for oppdatering og kopling til korrekte punkt i revidert verneforskrift av 14.11.14. Det er vidare viktig å bruke erfaringane ein har hausta til å forbetre rutinar for å redusere påverknaden på verneverdiane og for å sikre omsynet til lik behandling av alle aktørar. Kunnskapsgrunnlaget er også styrka ved at det er utført kartleggingar av rovfugl for å få eit betre grunnlag for fagleg baserte sårbarheitsvurderingar, og denne kunnskapen gjev grunnlag for å justere enkelte ruter. Det er behov for transport av varer og utstyr til alle hyttene som er tilgjengelege for fotturistar, og forvaltninga vil følgje ein mest mogleg lik praksis for motorferdselløyve for alle aktørane i verneområdet. Det vil samstundes vera behov for tilpassing ut frå lokalisering, driftsmønster og nødvendige omsyn til verneverdiane. Dei betjente hyttene som ligg inne i verneområdet har i tillegg til varetransport også behov for transport av drivarar og personale på grunn av lang avstand til bilveg. På vinterføre er det aktuelt å frakte både varer og utstyr med snøskuter for alle bedriftene i verneområda. Gjendebåten dekkjer mesteparten av transportbehovet om sommaren for bedriftene ved Gjende, og følgjer i stor grad rutene.

Glitterheim har bilveg, der nødvendig nyttetransport på berrmark kan gjennomførast i tråd med innvilga dispensasjonar. Transportbehovet her har auka vesentleg i høve til løyvet Glitterheim hadde for 10 år sidan. Det var i løyvet frå 2009 avgrensa til ein tur i veka med bil for varetransport, men dette vart etter innspel frå Glitterheim om behov for noko oftare varetransport justert i 2013. Det kan og sjå ut som om det etter kvart har vorte etablert ein fast praksis med bagasjetransport på strekninga mellom bommen og Glitterheim, men slik transport inngår strengt tatt ikkje i løyvet dersom det ikkje er fullt ut samordna med den faste varetransporten som inngår i det fleirårige løyvet til DNT Oslo og Omegn. Dette ut ifrå at bagasje ikkje er nemnd blant dei speifiserte formåla i § 3 pkt. 6.3 e). I samband med rapportering for 2018 vart det frå drivaren av Glitterheim også signalisert følgjande: *«Med dei krav som stilles til temperaturer osv i forbindelse med IK mat og også andre offentlege krav, ser eg ikkje burt frå at vi må utvide varetransporten til/fra bommen. I dag kjører vi til Lom og henter varer 2 ganger pr uke. Temperaturfallet frå Lom til Glitterheim er såpass stort at vi må vurdere å få kjørt slik type varer til nasjonalparkgrensa og at vi henter der. - - - Fint om bagasje og sykkeltransport kan komme inn når det skal fornyast. - - -»*

Det er viktig å oppfylle krava til handtering av ferske matvarer, og med opning for dagleg varetransport burde behovet vera dekt. Det er også behov for nokre turar med hengjar for å balansere plasseringa av sykklar i periodar der fleire leiger sykkel den eine retninga enn den andre. Sykkelutleiga er viktig for å forenkle tilkomsten for dei som kjem til området seint på dagen, og sykkeltransport blir vurdert å sortere under begrepet «utstyr» i pkt. 6.3. e). Så lenge bagasjetransport ikkje medfører eit stadig aukande behov for køyring kan også dette til ein viss grad akseptert, men det er verdt å merke seg at det i nærliggande verneområde som Rondane ikkje er opna for slik service på berrmark. Sidan bagasje ikkje er nemnd blant dei spesifiserte formåla, må det leggjast til grunn at eventuell bagasjetransport skal vera samordna med nødvendig transport av proviant/varer/utstyr/brensel og betjening, og at samla køyring for transport av varer/sykklar/bagasje vert halde innan ei ramme på ein tur dagleg. Det kan kanskje oppstå ekstra behov enkelte dagar, men i snitt må biltransporten ikkje overstige det som tilsvare ein tur dagleg samla gjennom sesongen.

Glitterheim har tidlegare hatt eit eige punkt for «1 tur (t/r) pr. veke i vintersesongen for transport av kursdeltakarar/skuleklasser», men dette er ikkje heimla i noko punkt i verneforskrifta. Persontransport er avgrensa til vintertransporten med inntil 2 turar (t/r) i veka, slik det er talfesta i forskrifta § 3 pkt. 6.3 m). Dersom det er skulle oppstå særskilde situasjonar med behov for eigen transport av t.d. skuleklasser som ikkje kan innordnast i dei 2 turane/veke som er heimla i pkt. 6.3 m), må det søkjast særskild i kvart enkelt høve for vurdering etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 og naturmangfaldlova § 48. Dispensasjon i medhald av nml § 48 må vera særtilfelle, og kan ikkje gjevast som del av eit rutinemessig fleirårig løyve. Dette punktet er derfor teke ut i revidert forslag til løyve.

For Skogadalsbøen, Olavsbu og Fannaråkhytta må sommartransporten utførast med helikopter. Dette er ein aktivitet som har gått føre seg i mange år i verneområda, og både DNT og forvaltinga har hausta erfaringar med ulike ruter og tidspunkt.

Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Etter at førre motorferdselløyvet vart gjeve er det gjennomført kartlegging og sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen i 2015 og for Vest-Jotunheimen i 2018. Kartlegging er gjort med særleg fokus på rovfugl, og fleire av desse artane er sårbare overfor uroing i samband med hekking. Kunnskapsgrunnlaget om verneområda er med dette oppdatert (§ 8 i naturmangfaldlova). Utdrag av rapport frå 2015 oppsummerer følgjande:

«For rovfugl som hubro, jaktfalk og kongeørn kan også forstyrrelser ved hekkeplass i etableringsfasen (februar – april) føre til at hekking uteblir. Påskeutfart med tilhørende rasting under sørvendte berg med reirplass for f.eks. jaktfalk vil derfor være konfliktfylt. - - - De ulike artene har forskjellig tålegrense overfor menneskelig ferdsel og inngrep, og det finnes ingen eksakte grenser for hvor nær en kan bevege seg inn mot en hekkeplass før artene blir uroet og i verste fall oppgir hekkingen. Mye beror også på terrengtype, skoglandskap eller snaufjell, tidspunkt på året m.m.».

Vest for Gjende er det eit sårbart område, noko som tilseier at kvisting inn til Gjendebu ikkje bør skje før vinterferien. Aktivitet tidleg på vinteren kan verke forstyrrande i etableringsfasen for sårbare rovfugl, og kan hindre hekking. Generelt bør ein prøve å halde dei indre områda av nasjonalparken fri for kanalisert ferdsel via kvista vinterløyper. Løyper til vinterferien bør avgrensast til dei ytre sonene av parken, som i nærområdet til Eidsbugarden/Fondsbu og til randsonene utanfor nasjonalparkgrensa. Dette spørsmålet blir nærare drøfta i revidert forvaltningsplan, med sikte på å skjerme dei mest sårbare områda tidleg på vinteren.

Rapport Vest-Jotunheimen, som baserer seg på feltarbeid sommaren 2018, viser til følgjande observasjonar ein av dagane med feltarbeid (25/7): *«Samme dag foregikk det helikoptertransport av varer inn til Skogadalsbøen, med 5 – 6 flyturer inn og ut dalføret. Transporten startet ca. kl. 12.00 og foregikk over et 2 - 3 timer. Ved alle passeringer av hekkeplassen (figur 8) fløy ørna ut fra hekkeberget, og ble tydelig forstyrret av helikoptertrafikken. Det er svært uheldig hvis tilsvarende situasjon oppstår tidlig i hekketida eller ved ugunstige værforhold. Denne forstyrrelsen kan i en slik situasjon forårsake oppgitt eller mislykket hekking.»*

Denne kunnskapen tilseier at ein unngår innflyging til Skogadalsbøen via Utladalen, men gjev føringar for alternativ transportrute for helikopter med transport inn frå Sognefjellet (Krossbu / Sognefjellshytta), eller med utgangspunkt frå Tyinområdet og flyrute over Fleskedalen. Dette gjeld for påsketransport og innflyging av varer på sommaren. På utflyging ved sesongslutt er det ikkje nødvendig å stille slike krav, da ungane er ute av reiret når ein kjem til august/september.

Tidspunkt for motorferdsel kan i einskilde område vere avgjerande for påverknaden på andre interesser. Etter «føre-var»-prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova, er det derfor sett vilkår om at DNT skal «vere særleg kritisk til behovet for» skutertransport frå Turtagrø til Skogadalsbøen om våren, og ha tett dialog med oppsynet i forkant av omsyn til villreinen i Vest-Jotunheimen. Det er også lagt føring for at mest mogleg helikoptertransport til alle hyttene i området skal samlast til ein avgrensa periode om våren. Værforholda vil kunne påverke gjennomføringa av planlagt transport i desse fjellområda, og transporten må i nokon grad kunne tilpassast.

DNT Oslo & Omegn har hatt eit ope og omfattande løyve i fleire år i desse verneområda. Særleg behovet for motorferdsel knytt til drift av hyttene innanfor verneområdet er vanskeleg å planlegge i detalj, og det er ikkje sett bestemte avgrensingar i tal turar der det ikkje direkte talfesta i sjølve verneforskrifta. Søkjar skal likevel halde omfanget av motorferdsel på eit lågast mogleg nivå. Som den største aktøren knytt til motorferdsel er det viktig å bevisstgjere heile organisasjonen om dette prinsippet for å halda den samla belastinga av motorferdsel på verneområdet så låg som mogleg (§ 10 i naturmangfaldlova og økosystemtilnærming og samla belastning). Vilkåret om årleg rapportering er viktig for å kunne vurdere den samla utviklinga i verneområdet. Det er generelt lite konflikt knytt til det som er definert som nødvendig

nyttetransport, og for å unngå mistydingar og for at oppsynet skal kunne ha oversikt er det viktig at DNT har gode rutinar for varsling og rapportering av motorferdsel. Kvisting blir varsla med oversikt på ruter og kven som utfører stikkinga ved samla førehandsmelding til forvaltninga innan 1. februar kvart år. Saman med rapportering av utførte oppdrag gjev dette ein grei oversikt. Melding om kvart oppdrag på vinterføre eller berrmark knytt til ordinær drift av hyttene blir ikkje vurdert som nødvendig, men SNO bør ha melding om tid/stad på førehand når det gjeld planlagt helikoptertransport. Sannsynet for forureining er generelt liten ved transport med snøskuter og helikopter, men søkjar er ansvarleg for utfrakting dersom utstyr blir øydelagt (§ 11 i naturmangfaldlova). Det er ikkje opna for barmarkskjøring utanom opparbeidd bilveg (§ 12 i naturmangfaldlova om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder). Det er i verneområdet bilveg til Glitterheim, og traktorveg frå brygga og opp til turisthytta i Gjendebu. Utanom vegane er det ikkje høve til berrmarkskjøring.

Kvisting av skiløyper – forankring i revidert forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan frå 2008 la til grunn at perioden for kvisting ville vera konsentrert til ein periode rundt påske: «*Kvisting av vinterruter i verneområda skjer i eit relativt stort omfang (sjå kart) i ein konsentrert periode før påska, og er viktig for kanalisering av ferdsla i ein periode der fugle- og dyreliv er sårbart etter ein lang vinter.* - - -» Etter dette har det for enkelte område vorte etablert ein praksis med kvisting til vinterferien. Dette gjev auka tilgang til større delar av verneområda over ein lengre periode, og det er nødvendig å vurdere denne praksisen opp mot innverknaden på verneverdiane. Verneforskriftenes § 3 pkt. 1.1 har eit generelt forbod mot merking av løyper, med unntak av «*Kvisting av løyper i samsvar med forvaltningsplan*» - jf. § 3 pkt. 1.2 d) i begge verneområda. Så lenge løypenettet ikkje er definert i ein godkjend og oppdatert forvaltningsplan, må ein ta utgangspunkt i føringar gitt i planutkastet frå 2008, og vurdere eventuelle behov for justeringar av dette fram mot revidert plan.

Det har stor verdi for bedriftene å få forlenge vintersesongen til meir enn dei to vekene rundt påske, så ein del løyper kan nok opnast til vinterferien, men for fugle- og dyrelivet er det viktig å bevare ein del sårbare område i sentrale delar av nasjonalparken utan uroande ferdsel tidleg på vinteren.

Ny forvaltningsplan må reflektere konsekvensar av å gjere større område av nasjonalparken tilgjengeleg gjennom større delar av året. Tida rundt vinterferien (februar/mars) er ei sårbar periode for enkelte rovfuglar, som har etableringsfase for hekking såpass tidleg. Tidsrom for løypestikking må differensierast slik at viktige rovfugllokalitetar får nødvendig skjerming mot ferdsel. Dette betyr at ikkje alle løyper kan påreknast å bli stikka tidlegare og tidlegare. Nyare fagrapportar om rovfuglar i Jotunheimen blir brukt som grunnlag for å velja ut trasear som kan kvistast til hhv. vinterferie og påske. Dette blir kartfesta og innarbeidd i revidert forvaltningsplan.

Oppsummering

Gjeldande løyve frå 2013 er i hovudsak vidareført, men teksten er oppdatert med referansar til korrekt nummerering, i samsvar med dei reviderte verneforskriftene frå 2014.

Endringar som følgjer av betre kunnskapsgrunnlag på rovfugl og tilhøyrande føringar gjevne i naturmangfaldslova §§ 8-10 er følgjande:

- Innflyging av varer/utstyr/betjening til Skogadalsbøen med helikopter må skje med utgangspunkt frå Sognefjellet eller Tyinområdet. Innflyging frå Årdal via Utladalen er uheldig i høve til sårbar rovfugl. Denne ruta kan derfor berre brukast ved utflyginga ved sesongslutt (etter 15. august).
- Kvisting av vinterløyper i dei indre områda av nasjonalparken (t.d. inn til Gjendebu) kan ikkje starte opp før ut i mars (i løyvet frå 2013 er generell oppstart sett til 10. februar). Berre løypene ut mot randsonen der det ikkje er konflikt med sårbare rovfugllokalitetar kan kvistast til vinterferien med oppstart 10. februar. Det blir arbeidd vidare med dette spørsmålet i revidert forvaltningsplan.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen:

Vedlegg til sak 5/2019:

Dispensasjon - Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av turisthytter og kvisting av vinterruter – 2019-2022 – DNT Oslo og Omegn

Den Norske Turistforening Oslo og Omegn får med dette dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde som følgjer av verneforskriftene § 3 pkt. 6.1. Dispensasjon er gitt med heimel i § 3 pkt. 6.3 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. jf vedtak gjort av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen i møte 04.03.2019.

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskriftene. Delar av løyvet krev i tillegg dispensasjon frå kommunane, som forvaltningsstyresmakt etter Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag. Vidare skal det vera samtykke frå grunneigarane – jf motorferdsellova § 10.

Med "oppsynet" meinast Statens naturoppsyn (SNO) eller samarbeidande fjelloppsyn.

1. Generelt om motorferdselsløyvet

1.1 Løyvet gjeld:

- Transport til og frå turisthyttene:
 - transport av naudsynnte varer og utstyr til DNT Oslo og Omegn sine hytter i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, sjå spesifikke vilkår for dei enkelte bedriftene i pkt. 2.1 – 2.5.
 - transport av bestyrar med næraste familie. Med næraste familie meinast husstandsmedlemmer (ektefelle/sambuar og barn)
 - transport av betjening
 - transport av handverkarar, reiskap og bygningsmateriale i samband med vedlikehaldsarbeid, tilsynspersonar (mattilsyn, branntilsyn m.m.)
 - transport av sjuke eller skadde personar kan gjerast av bestyrar av turisthyttene når situasjonen blir vurdert slik at transport er nødvendig. Redningstenesta v/ politidistriktet skal varslast ved slike oppdrag.
 - oppsynsturar til turisthyttene (hyttestyrar/hyttetilsyn og DNT-tilsette på oppdrag).
- Kvisting av vinterruter
 - bruk av snøskuter i samband med kvisting av godkjende vinterruter og i samsvar med forvaltningsplan. Gjeld også eventuell inntaking av kvist.

1.2 Generelle vilkår for all transport:

- Det er ikkje lov med barmarkskøyning utanom om opparbeidd bilveg for transport til hyttene i verneområda.
- DNT Oslo og Omegn, hyttestyrar og dei som utfører motorisert transport skal alltid søkje å redusere transportomfanget mest mogleg gjennom planlegging av transport for best mogleg samordning av transportbehova.
- All motorferdsel skal loggførast før ein reiser på eit fast skjema (dato, rute, formål) som skal takast med på turen. Oppsynet skal kunne kontrollere loggen på staden.
- Alle loggane skal sendast inn til DNT Oslo og Omegn ved sesongslutt.
- DNT Oslo og Omegn er ansvarleg for å gje nasjonalparkstyret ei oppsummerande oversikt over all motortransport fordelt på type køyretøy og knytt til kvar hytte og kvisting. Rapport skal sendast til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 01. desember kvart år.
- Motorferdsel skal i størst mogleg grad unngåast i helg, på heilagdagar og i påskeferien og når det elles er særleg stor utfart i fjellet (t.d. vinterferien).

1.3 Generelle vilkår for transport med helikopter:

- All helikoptertransport skal varslast seinast dagen før til oppsynet.
- Søkjar skal prøve å samle mest mogleg transport med helikopter innan eit kortast mogleg tidsrom.
- Start og landing med helikopter krev i tillegg dispensasjon frå kommunen i medhald av motorferdsellova.

2. Spesielle løyve og vilkår knytt til kvar hytte:

2.1. Glitterheim.

- I tillegg til generelt løyve i pkt.1, gjeld løyvet følgjande transport på bomvegen frå nasjonalparkgrensa til turisthytta – § 3 pkt. 6.3.e):
 - I gjennomsnitt 1 tur dagleg for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til Glitterheim Turisthytte. Transport av sykklar og bagasje som kan samordnast med varetransport innan ramma på 1 tur dagleg er inkludert.
 - inntil 5 turar pr. år med bil (lastebil) for levering av varer frå grossist.
 - inntil 3 turar pr. år med bil (tankbil) for levering av fyringsolje/parafin.
 - 1 dag med bil (slambil) for tømning av septik.
 - verkstadbilar til handverkarar i samband med vedlikehaldsarbeid.
- 2 turar (t/r) pr. veke i vintersesongen for transport av faste gjestar og bagasje når turane er bestilt hos DNT / Glitterheim på førehand – jf. § 3 pkt. 6.3.m).
- Transport av funksjonshemma kan skje i samband med annan transport, med varsel til forvaltningsstyresmakta eller oppsynet på førehand. Dersom det utløyser behov for ekstra tur, må det sendast søknad til nasjonalparkforvaltar på førehand.

2.2. Gjendebu.

- I tillegg til generelt løyve i pkt.1, gjeld løyvet:
 - inntil 2 turar (t/r) pr. veke i vintersesongen for transport av faste gjestar med bagasje når turane er tinga hjå DNT Oslo og Omegn på førehand pkt. 6.3.m).
 - ved-, søppel- og varetransport i Gjendebu-området. Vilkår for vedtransport er at vedhogst er godkjent etter verneforskrift og av Statskog på førehand.
- I sommarhalvåret kan det nyttast motorbåt til transport nemnd under pkt. 1.1. i dei tilfelle den rutegåande motorbåten på Gjende ikkje kan nyttast

2.3. Olavsbu:

- For å redusere talet på dagar med motorferdsel skal bruk av helikopter prioriterast ved hovudtransport av proviant og ved.
- Det kan nyttast snøskuter ved tilsyn og mindre driftsoppdrag, med varsling til SNO.

2.4. Skogadalsbøen.

- I tillegg til generelt løyve i pkt.1, gjeld løyvet:
 - vedtransport i Skogadalsbøen-området.
- Drivar av Skogadalsbøen må i størst mogleg grad unngå transport med snøskuter eller helikopter frå Turtagrø til Skogadalsbøen om våren, av omsyn til villreinen i Vest-Jotunheimen, og ha tett dialog med oppsynet i forkant dersom transport frå her må vurderast..
- Godkjende transportruter for helikopter er frå Krossbu/Sognefjellet eller frå Tynområdet via Fleskedalen. Helikoptertransport skal ikkje skje frå Årdal via Utladalen til påske eller på våren eller sommaren. Suppleringstransport etter 15 august eller uttransport ved sesongslutt kan likevel gå via Utladalen og ned til Årdal.

2.5. Fannaråken.

- Frakt av mineralvatn, vin og øl er ikkje tillate

3. Spesielle vilkår for stikking av vinterruter

- All motorferdsel knytt til både kvisting og re-kvisting skal varslast til oppsynet på førehand, jf. generelle vilkår i pkt.1.

- Før kvistinga tek til, og seinast innan 1. februar, skal det sendast ei samla oversikt til nasjonalparkforvaltar og Statens naturoppsyn der det går fram kven som skal stå for kvistinga, reg.nr. på køyretøya som er tenkt nytta og når kvistinga er planlagt utført
- Første tillatne oppstartsdato for kvisting er 10. februar for løypene som kan kvistast til vinterferien i medhald av forvaltningsplan. For indre delar av nasjonalparken er tidlegaste oppstart 10. mars, for ferdigstilling før påske.
- For løypene inne i sentrum av nasjonalparken kan stikkinga starte mars, i god nok tid til at løypenettet er klart ei veke før påske.
- Kvistinga skal leggjast opp slik at motorferdsla for heile verneområdet blir minst mogleg, og gjerne med samordning med andre som har legitime behov for motorferdsel, t.d. hjelpekorps
- Dei løypene som kan kvistast skal vere innteikna på eit eige kart, jf forvaltningsplan. (kartet skal følgje denne dispensasjonen når forvaltningsplanen er ferdig revidert)
- Grunna ver og vind og andre forhold kan det vere behov for inspeksjon og re-kvisting. Den som står for kvistinga må gjere ei løpande vurdering av behov før ein startar tiltak.
- Kvisting ved hjelp av snøskuter e.l. skal til vanleg vere avslutta ei veke før påske, og seinast fredagen før Palmesøndag

4. Særlege vilkår

- For transport med snøskuter på vinterføre kan oppdrag utførast med to snøskuterar i følge av omsyn til sikkerheit for mannskapet.
- Motorferdsel knytt til nye tiltak (utanom mindre vedlikehaldsarbeid) krev særskild dispensasjon etter søknad. Større tiltak som krev særleg stor transportkapasitet skal ha ein eigen transportplan. Planen skal i hovudtrekk vise talet på turar fordelt på ulike transportmiddel, og tidsrom når transporten er planlagt gjennomført.
- All transport skal i størst mogleg grad samordnast slik at den motoriserte ferdsla vert minst mogleg. I dei høva det er gjeve skriftleg løyve til det, kan transportøren ta oppdrag for andre. Transportøren (for snøskuter, bil, båt, eller helikopter) er ansvarleg for å forsikre seg om at ligg føre løyve til transporten
- Det skal ikkje vere med andre personar på transporten enn dei som er nødvendige for å gjennomføre oppdraget
- Motorisert transport skal i størst mogleg grad leggjast utanom stader og delar av året det er størst fare for uroing av fugle- og dyrelivet
- Ved innleige av snøskutersjåfør til transportoppdrag, bør den kommunale ordninga for leigekøyning vurderast dersom slik ordning er oppretta.

5. Tida dispensasjonen gjeld for

- Dispensasjonen gjeld fram til 31.12.2022. Dersom ingen av partane varslar behov for endringar, blir dispensasjonen etter denne tida forlenga for eitt år om gongen.
- Ved misbruk kan Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen som forvaltningsstyresmakt endre dispensasjonen eller inndra heile eller delar av den.

Arkivsaksnummer:	2019/5429-3	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	15.02.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	6/2019	04.03.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og behov for opprydding ved Memurubu

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tek til orientering brev av 24.01.19 frå Memurubu Turisthytte, men saknar ein konkret tiltaksplan for opprydding innan 1. juli 2019 – jf. styrets vedtak i sak 39/2018. Dei mange haugane med materialar og gjenstandar som har hopa seg opp rundt langs austbreidda av elva Muru og ved lagerbygningane blir vurdert å vera visuell forureining, og i strid med verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 og pkt. 7.1. Det blir på grunnlag av dette sett følgjande fristar for nødvendige tiltak – jf. vurderingar i saksutgreiinga:

- Lecablokker som kan nyttast ved tilbygget til kraftstasjonen og eventuelt anna godkjend byggeprosjekt kan lagrast til bygginga er utført. Innan eitt år etter at bygningane er ferdigstilt skal alt overskottsmateriell ryddast, og det som ikkje skal nyttast må fraktast ut.
- Ubehandla bygningsmaterieil (reint og tørt trevirke) kan kappast opp til ved og nyttast saman med bjørk til oppvarming. Fleire av materialhaugane har vore lagra svært lenge allereie, og haugane må derfor gjennomgåast og sorterast slik at alt som ikkje er eigna til ved blir rydda vekk. Fristen for dette blir utsett frå 1. juli til 15. september 2019, slik at alt som ikkje er eigna som ved til oppvarming blir frakta ut saman med det andre som skal uttransporterast av ved sesongslutt. Materialkapp til ved må nyttast innan 31.12.2020.
- Det ligg ikkje føre nokon søknad eller godkjenning for å kunne behalde og bruke omnen som vart brukt til brenning av eitt eller anna i 2018, og hovudregelen er at det ikkje kan opnast for brenning av bedriftsavfall. Utan godkjenning må omnen fjernast innan fristen for opprydding som vart sett til 1. juli 2019, jf. behandling i nasjonalparkstyret sak 39/18.
- Den utrangerte grusharpa, som vart frakta inn på vinterføre for mange år sidan, må fraktast ut og leverast til godkjent mottak innan fristen 1. juli 2019. Det er så langt i år svært dårleg vinterføre rundt Gjende, og dersom det ikkje let seg gjera å frakte ut restane av den gamle grusharpa i 2019, vert alternativ frist for fjerning sett til 1. mai 2020. Også eventuelle andre utrangerte gjenstandar må fjernast samtidig.

I løpet av 2019 må alt som ligg lagra langs austbeidda av Muru ryddast og samlast inntil lagerbygningane, i tråd med tilråding i landskapsanalysen frå 2004.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Sak 39/2018 i nasjonalparkstyret sitt møte 12.11.18.
- Brev av 20.11.18 til Memurubu Turisthytte - *Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall ved Memurubu Turisthytte og behov for opprydding. Orientering om reglar for brenning*
- Tilbakemelding ved brev av 24.01.2019 frå Memurubu Turisthytte
- Landskapsanalyse utført av landskapsarkitekt i 2004.

Saksopplysningar

I medhald av vedtak i sak 39/18 i nasjonalparkstyret er det sendt slik skriv til Memurubu Turisthytte, med utfyllande informasjon om reglar for brenning:

Viser til e-postutveksling i perioden 14/9-26/9 angående rapport om observasjon av brenning i frittstående småomn innan bedriftsområdet til Memurubu. Det vart sett ein frist for tilbakemelding om korleis bedrifta handterer bedriftsavfallet, men ein kan ikkje sjå å ha motteke denne innan fristen 14.11.18. Avfallsbehandling er elles ei sak for kommunen, og vi forventar at vidare oppfølging av opplegg for avfallshandtering skjer i dialog med kommunen.

Nasjonalparkforvaltninga har også fått tilsendt ein del bilete frå ein uavhengig fjellvandrar som reagerer på materialar og skrot som ligg lagra i fleire haugar på bedriftsområdet (sjå vedlegg). Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og utladalen har på bakgrunn av innkomne meldingar behandla saka i møte 12.11.18, der det vart gjort slik **vedtak**:

Rapporten frå oppsynet viser eit mogleg brot på både forureiningslova og brot på verneforskrifta pkt. 7.1 - *Forbod mot ureining*.

Tilsende bilete viser også at det ligg lagra skrot og restar av bygningsmaterialar som blir opplevd som visuell ureining.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen krev at Memurubu Turisthytte legg fram ein tiltaksplan som viser korleis og når han vil setja i verk rydding av området rundt turistbedrifta.

Frist for å leggje fram tiltaksplan: 1. februar 2019

Frist for ferdigstilling av opprydding: 1. juli 2019.

Dersom tiltaket ikkje blir utført, vil Nasjonalparkstyret be Lom kommune om å følgje opp saka i medhald av forureiningslova § 37.

Viser elles til fullstendig saksframlegg i vedlagt sak 39/2018.

I medhald av vedtaket ber eg om tilbakemelding i form av tiltaksplan for opprydding innan 01.02.2019.

Når det gjeld brenning i frittstående småomn, som vist i bilete vedlagt rapport frå oppsynet, viser eg til gjeldande regelverk:

Handtering av næringsavfall er regulert i forureiningslova § 32. Det er ikkje anledning til å benne slik avfall i opne småomnar som den du har ved Memurubu, jf. regelverk:

- **Brenning av avfall i ovner som er ment for å destruere et avfallsprodukt**, for eksempel bakgårdsovner. Slik brenning er ulovlig, med mindre ovnen har en utslippstillatelse fra forurensningsmyndigheten i medhold av [forurensningsloven § 11](#) om særskilt tillatelse til forurensende tiltak. Det er Fylkesmannen som er forurensningsmyndighet for småovner ment for avfallsforbrenning. Kommunen kan kun regulere brenning av avfall i småovner som er ment for oppvarming med videre, slik som opptenning og brenning av avisapir og rent rivningstrevirke.

Sidan det ikkje ligg føre noko utsleppsløyve, kan ikkje omnen brukast. Den bør derfor fraktast ut av verneområdet, som eit ledd i den pålagde oppryddinga.

Etter ønske frå eigaren av turisthytta er det gjennomført eit møte for gjennomgang av saka. I møtet 16.01.19 deltok Kjetil Espen Sveine frå Memurubu Turisthytte, ordførar i Lom, plan- og miljøvernrådsgjevar i kommunen og nasjonalparkforvaltar. Som oppfølging skulle Memurubu Turisthytte sende ei tilbakemelding med oversikt på tiltak og tidfesting av desse.

Memurubu Turisthytte har ved brev datert 24.01.19 gjeve ei tilbakemelding, sjå vedlegget.

I brevet er det gjeve ei utførleg utgreiing av avfallshandteringa ved bedrifta, men det er ikkje lagt fram nokon konkret plan for opprydding innan fristen 1. juli 2019, som vart sett av nasjonalparkstyret i sak 39/2018. Når det gjeld bruk av forbrenningsomnen skriv Memurubu at dei vil søke Fylkesmannen om godkjenning.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfoldlova § 62 andre ledd og tredje punktum delegert forvaltningsmyndigheit til nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjennom vedtekter revidert 13. august 2015. Vedtektene for nasjonalparkstyret har følgjande ordlyd når det gjeld oppfølging av ulovlege forhold:

8.5 Brudd på naturmangfoldloven/verneforskriftene, rapporter og anmeldelser

Styret har som forvaltningsmyndighet et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/anmeldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.

Kopi av anmeldelse/rapport, samt avgjørelse fra politiet skal sendes Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret oversende en rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 og 7.1 gjev slike føringar:

Pkt. 1.1 – *Vern mot inngrep i landskapet*

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretingar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Pkt. 7.1 – *Forbod mot ureining:*

«All slags ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.»

Forvaltningsplan

Retningslinjer:

Minst mogleg avfall og forsøpling i og ved verneområda. Turistbedriftene har eige ansvar for transport av avfall/overskotsmateriell som følgjer av turistbedrifta si drift.

Presedens

Memurubu har allereie i dag langt større lagerkapasitet enn andre bedrifter det er naturleg å samanlikne med, og det skaper uheldig presedens om ein over tid let det utvikle seg ein praksis med å kunne ta i bruk stadig større areal til utandørs lagring av utrangert materiell og ymse restar etter byggearbeid.

Vurdering

Saka må sjåast som todelt:

- 1) Avfallsbehandling – oppfølging i medhald av forureiningslova med forskrifter
- 2) Lagring av materialar og ymse gjenstandar rundt bygningane som tilhøyrrer bedrifta – oppfølging i medhald av § 3 i verneforskrift for nasjonalparken, som set reglar for vern mot inngrep i landskapet (pkt. 1.1) og forbyr all slags ureining og forsøpling (pkt. 7.1)

Tilbakemeldinga frå Memurubu Turisthytte i brev av 24.01.19 handlar stort sett om korleis dei behandlar avfallet ved bedrifta. Dette ligg under ansvarsområdet til kommunen som myndigheit etter forureiningslova, og blir ikkje nærare kommentert her. Oppmodinga om at

nasjonalparkforvaltar skal kalle inn til eit møte om avfallshandtering – jf. siste avsnitt i tilbakemeldinga, blir ikkje teke til følgje. Forvaltar har inga myndigheit etter forureiningslova, og kan såleis ikkje påleggje nokon av partane å inngå noko utvida samarbeid. Det er ikkje sett avgrensingar i medhald av verneforskrifta som gjer det vanskelegare å transportere avfall frå Memurubu enn frå ei tilsvarande bedrift utan fast vegsamband. Utfordringane knytt til avfallshandteringa er ikkje knytt til vernestatusen, og eit slik møte er såleis ikkje relevant.

Opprydding

Dei fire siste kulepunkta i oppstillinga i brevet er den tilbakemeldinga som gjeld opprydding. Desse punkta er relevante for nasjonalparkforvaltninga, ved at bedrifta i dag har ein praksis som medfører visuell påverknad på naturlandskapet, og som krev tiltak for opprydding.

Kvart av punkta er referert og kommentert punktvis under:

- *Ubehandla bygningsmateriell (trevirke) vil verta kappa opp til ved og nytta saman med bjørk til oppvarming i vintersesongen. Da dette er relativt store mengder må vi ta dette over fleire år. Ser for oss at alt trevirke vil verta kappa opp og nytta i løpet av ein 5 års-periode.*

Merknad / vurdering

Det vart i møte 16.01.19 opplyst at materialane stamma frå det gamle huset i Memurubu. Det må såleis har vore lagra svært lenge, og sidan det ikkje har vorte nytta til brensel i løpet av alle desse åra, må det stillast spørsmål ved om desse materialrestane i det heile eignar seg som brensel. 5 nye år med lagring er uansett for lenge, og er ikkje i tråd med kravet i sak 39/2018 om rydding innan 1. juli. Ein ser likevel at det kan vera praktiske utfordringar å få fjerna alt dette parallelt med tilrettelegging for sommarsesongen, slik at fristen kan utsetjast frå 1. juli til 15. september, slik at alt som ikkje er eigna som ved blir frakta ut saman med øvrige saker og avfall som skal uttransporterast av ved sesongslutt i år.

- *Leca som ligg lagra skal nyttast delvis ved ombygging av kraftstasjon, samt til omsøkt lagerbygg for søppel og lager for tomme diesel fat.*

Merknad / vurdering

Dette synest fornuftig at nyttbare lecablokker blir brukt til tilbygg ved kraftstasjonen. Leca-blokkene kan lagrast fram til ein ser kva som trengst ved tilbygg til kraftstasjonen, og til eit eventuelt søppelrom dersom dette blir godkjent. Når desse byggearbeida er ferdige, skal alt overskottsmateriell ryddast vekk innan eitt år etter ferdigstilling av byggearbeidet.

- *Utviding av lagerbygg for søppel handtering og lagring av tomme dieselfat i sesongen. (søknad ligg ved dette brevet).*

Merknad / vurdering

Søknaden det blir referert til blir behandla som eige sak, og blir ikkje kommentert her.

- *Vi vil søkja fylkesmannen om løyve til fortsatt bruk av forbrenningsomn for å brenne ikkje resirkulerbart papir.*

Merknad / vurdering

Det er etter forureiningslova ikkje høve til å brenne næringsavfall frå bedrifter, og det er gjeve tydeleg orientering i vårt brev av 20.11.18. Bedriftseigar skriv at han vil søke om godkjenning for å kunne behalde og bruke omnen. Ein kan ikkje sjå at dette er gjort, og det synest også lite sannsynleg at det blir opna for å bruke ein slik enkel forbrenningsomn utan reinsing som ledd i avfallsbehandlinga. Krav om fjerning av omnen bør derfor stå fast, og ein viser til fristen for opprydding som vart sett til 1. juli 2019 ved første behandlinga i nasjonalparkstyret.

I møte 16. januar var det også drøfta kva som måtte gjerast med restane av den gamle grusharpa som vart frakta inn på vinterføre for mange år sidan. Det står ikkje noko i brevet om kva planar det er for å få fjerna denne. Den delen som står att er svært tung, men så lenge det let seg gjera å frakte den inn med daverande hjelpemiddel, må det også gå an å få den ut att i dag. Dette utrangerte elementet har ikkje lenger nokon nytteverdi, og må reknast som avfall/skrot som ikkje høyrer heime i ein nasjonalpark. Det er så langt i år svært dårleg vinterføre rundt Gjende, og dersom det ikkje let seg gjera å frakte restane av grusharpa ut i

2019, vert alternativ frist for fjerning sett til 1. mai 2020. Eventuelt anna overskottsmateriell, etter samla gjennomgang av alt som ligg lagra, må fraktast ut samtidig.

Konklusjon:

Det som er interessant for vernestyresmakta er at all avfallshandtering skjer i tråd med gjeldande lovverk på forureiningsområdet, og det ikkje over tid samlar seg opp avfall og gjenstandar som medfører visuell forringing av landskapet. For oppfølging av avfallshandtering er det kommunen som er forureiningsmyndigheit.

Når det gjeld verneområdeforvaltninga, må det peikast på at plassen rundt lagerbygningane ved utløpet av Muru over ei årrekkje i stor grad har hatt preg av å vera eit industriområde med store bygg, kjøreareal og mange haugar som består av bygningsmaterialar, bygningsrestar og ulike gjenstandar og utstyr. Det framstår som ei uoversiktleg blanding av nyttbare ting og utrangerte saker som må klassifiserast som avfall. Særleg det som ligg langs kanten av Muru er svært synleg når ein kjem ned frå Sjugurdtinden.



Utsikt mot Memurubu frå stigen ned frå Sjugurdtinden. Foto frå 2017.




Detalj av foto frå 2018

Dette er ein situasjon som har vara i mange år, og rydding har vore utsett med grunngjeving om at mykje skulle nyttast i framtidige bygg og ved drift. Situasjonen rundt lagerbygningane var om lag den same i 2004, da det etter oppdrag frå Fylkesmannen vart utarbeidd ein landskapsplan. Det er i landskapsanalyse frå 2004 konkludert med at alt overflødig må fjernast og eventuell utelagling blir ved «driftstunet»:

5.0 Opprydding utelager

Utelager reduseres og jernskrap og søppel skal fraktes bort fra området. Paller bør gjenbrukes eller fraktes bort. Utelager for nødvendig mellomlagring av materialer etc som skal brukes innen 5 år plasseres inne mellom bygningene på driftstunet. Materialer og avfall som er lagret lenger enn 5 år uten å bli brukt, skal fjernes.



Det har nå gått 15 år sidan utført analyse, og mykje ligg framleis lagra langt ut over den tilrådde tidshorisonten på maksimalt 5 år. Det må leggjast vekt på at arealet på flatene mellom utløpet av Muru og båtbyggja er statsallmenning og nasjonalpark, med naturverdiar og sterke friluftsinnteresser. Arealet må setjast i slik stand at det avspeglar at det er eit landskap i ein nasjonalpark, og ikkje lagerplass på eit ordinært industriområde, jf. landskapsanalyse utført av landskapsarkitekt i 2004.

Arkivsaksnummer:	2019/5398-6	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	22.02.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	7/2019	04.03.2019

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Oppføring av lagerbygg - gnr. 155 /1/335 - Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine - Rudi og Skogum Bygg AS

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå verneforskrifta for oppføring av kombinert lagerbygg med areal 99 m² slik det er søkt om. Nasjonalparkstyret ser at det kanskje kan vera behov for å vurdere ei løysing for mellombels lagring av restavfall i periodar med stor trafikk og avgrensa kapasitet for uttransport av søppel med Gjendebåten.

Før styret kan ta stilling til noko nytt lagerbygg, blir saka returnert til Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Espen Sveine for først å vurdere frigjering av areal og omdisponering av eksisterande bygningsareal ved bedrifta. Det er allereie to store lagerbygg ved bedrifta med areal oppgjeve til 500 m². Det vil skape uheldig presedens om ein opnar for stadig nye bygningar i nasjonalparken, utan ei streng vurdering av korleis eksisterande bygningar blir nytta.

Dersom oppbevaring av søppel ikkje let seg kombinere med annan bruk, kan det vurderast eit *mindre* separat bygg for formålet. Arealet må da avgrensast til det som er strengt nødvendig for mellombels oppbevaring av restavfall i kortare periodar på sommaren.


--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad datert 22.01.2019 frå Rudi og Skogum Bygg AS på vegne av Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Espen Sveine.
- Kopi av førebels svar frå Lom kommune som viser til at søknaden er ufullstendig.
- E-post av 01.02.19 til Statskog med førebels orientering om saka
- Landskapsplan for Memurubu utarbeidd i 2004
- E-post av 08.02.19 til Lom kommune og Statskog og Lom fjellstyre med førebels vurdering og orientering om vidare behandling av saka etter verneforskrifta
- Energianalyse for Memurubu Turisthytte, utarbeidd av Nils Ola Strand, 2016.
- Behandling i Lom Fjellstyre, sak 07/2019 i møte 19.02.19

Saksopplysningar

Rudi og Skogum Bygg AS har på vegne av Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine søkt om oppføring av eit nytt lagerbygg på 99 m² i området ved utløpet av Muru, sjå kartskisse til søknaden under (både tilkomsvegen frå nordaust og elva Muru i vest er vist med blå farge):



Oversiktsfoto frå 2017 (over) viser at bedrifta allereie har ei stor bygningsmasse. Ein av bygningane lengst aust (øvre del av foto) er driftsbygning til setra (seterfjøset).

Følgjande tabell frå energianalyse utarbeidd i 2016 gjev eit komplett bilete av bygningsarealet ved turisthytta (bakgrunnsoppllysningar gjeve av bedriftseigar Kjetil Espen Sveine til energikonsulent Nils Ola Strand):

1. Informasjon om arealer på Turisthytta:

Bygning	Ca. Areal [m2]	Elektr lys	Elektr oppvarming	Areal oppvarmet [m2]
Hovedhus	1 000	1	1	1 000
Losjidel hovedhus	1 200	1	1	1 200
Nylosjhus	400	1	1	400
Ivastugu	150	1	1	150
Seterhuset	80	1	1	80
2 stk lagerhus	500	1	0	-
Kraftsasjon	50	1	0	-
Sum	3 380			2 830

Det som er kalla seterhuset er betjeningsbustad/privatbustad for eigaren. Ivastugu er eit losjhus av svært enkel standard. Det vart i 2016 godkjent tilbygg for varemottak på hovudhus med 24 m². Kraftstasjonen er omsøkt utvida med nytt rom for aggregat og diesellager med ca. 40 m². Samla bygningsmasse i bedrifta er etter dette over 3.400 m². Som det går fram av oversikten så er det frå før to store lagerhus/kaldtlager med samla areal oppgjeve til 500 m². Areal lagerbygg er uendra frå oversikten frå 2016 i tabellen over.

Lom Fjellstyre har gjeve slik uttale til Statskog:

«Fjellstyret tilrår at det ikkje vert gjeve løyve til ei utviding av lagerbygningen, før det i fellesskap med bedriftseigar, kommunen og vernemyndighetene er gjort ei grundig vurdering av behovet for lagerplass, og sett på moglegheita for ei omdisponering av det eksisterande arealet. Det er lite ønskeleg å auke bygningsmassen på arealet ned mot elva og Gjende, og det bør lagast rutinar både på sortering og uttransport av søppel, og på lagring av drivstoff, som minimaliserer behovet for lagerplass i verneområdet.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum delegert forvaltningsmyndigheit til nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjennom vedtekter revidert 13. august 2015.

Verneformål – forskrift

Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark set forbod mot oppføring, utviding og ombygging av bygningar, jf. § 3 pkt. 1.1 – *Vern mot inngrep i landskapet*

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

Forskrifta § 3 pkt. 1.3 b) opnar for at det i særlege tilfelle kan gjevast løyve til nybygg:

- b) *Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008, som blir nytta som eit rettleiande dokument, gjev følgjande føringar i kap. 8.2. – *TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST:*

«Retningslinjer: Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.»

For Memurubu spesielt er det vidare vist til følgjande i kap. 8.2:

«Memurubu turisthytte fekk løyve til omfattande utviding og nybygg i 1990. I tillegg vart det gjeve løyve til oppføring av betjeningsbustad i 1999. Ein del av byggjetiltaka har fått ei uheldig utforming med terrenginngrep. Dette er bakgrunnen for at Fylkesmannen i Oppland har fekk utarbeidd ein landskapsanalyse for Memurubu (2004). Gjennom denne vert det lagt eit grunnlag for å retta opp feila som er gjort og kome fram til ei betring av situasjonen på staden. Framover vil det vere ei prioritert

oppgåve å få til opprydding i området med utkøyring av avfall og overskotsmateriale som er på området kring Memurubu. - - .»

Det er utført positive terrengtiltak rundt bygningane på sjølve turisthytta, men området rundt lagerbygga nede ved Muru er framleis prega av lagra gjenstandar og overskottsmateriale.

Presedens

Memurubu har allereie svært store lagerbygg samalikna med dei andre turisthyttene i nasjonalparken. Det vil skape uheldig presedens om ein berre opnar for stadig nye bygg utan først å sjå på korleis eksisterande bygningsmasse er utnytta. Dei tre bedriftene Memurubu, Glitterheim og Gjendebu har samanliknbar trafikk med ca. 7-8000 gjestedøgn årleg. Eksisterande lagerareal er om lag 4 gonger høgare ved Memurubu enn ved Glitterheim. Glitterheim bygde nytt lager på 123 m² i 2012, og reiv samstundes det gamle lageret.

Vurdering

I møte med Kjetil Sveine og Lom kommune i januar viste Sveine til behov for lagerskur for restavfall, for å ha betre løysing i periodar med stor trafikk og avgrensa transportkapasitet på Gjendebåten.

Eit slik behov *kan* gje grunnlag for å vurdere dispensasjon, men det er viktig at bedrifta først ser på moglegheit for å omdisponere areal i eksisterande bygg for dette formålet. Memurubu har allereie to store lagerbygg på ca. 250 kvadratmeter kvar, og det er ut frå dette lite aktuelt å tilrå bygging av enda eit stort lagerbygg på 99 m². Det bør ikkje opnast for heile 600 m² lager før det blir gjort ein kritisk gjennomgang av kva som må lagrast innan nasjonalparken.

Lagring av tomme dieselfat er også nemnt blant det som skal lagrast i brevet som følgjer søknaden om lagerbygg. Dette må sjåast i samanheng med nytt tilbygg/lager ved kraftstasjonen som også er grunngjeve med formål trygg lagring av diesel og nytt aggregatrom. Talet på tomme tønner er ikkje større enn mengde tilført diesel, som er det tilbygget oppe ved kraftstasjonen skal vera dimensjonert for. Ifølgje opplysningar i Energianalyse for Memurubu frå 2016 ligg det årlege forbruket i dag på om lag 17.000 liter (12.000 til el-produksjon i vintersesong og 5.000 til varmtvatn). Ved planlagt utviding av vasskraftverket kan dieselbehovet verta vesentleg redusert, til berre å dekke behovet ved driftsstopp ved kraftverket. Dette ligg litt fram i tid, men ein finn det ikkje rett å dimensjonere eit nytt lager for lagring av tomme dieselfat, samtidig som det blir godkjent eit forskriftsmessig lager for tilført diesel. Med nytt vasskraftverk vil behovet for lagring av både fulle og tomme dieselfat bli vesentleg redusert.

Eit eventuelt nybygg kan derfor ikkje vurderast med større areal enn det som trengst for nødvendig mellomagring av restavfall for kortare periodar i høgsesongen. Før ein vurderer nybygg, må det også vurderast om noko av eksisterande bygningsmasse kan omdisponerast. Forvaltningsplanutkastet frå 2008 nemner ikkje nybygg ved Memurubu som eit kartlagt behov, men viser snarare til at det har vore ein svært omfattande byggeaktivitet og at det er meir behov for rydding og fjerning av det som er overflødig, framfor å tilføre nye element. Terskelen for å vurdere nybygg skal vera høg, da kvart nytt inngrep vil ha innverknad på landskapet i nasjonalparken. Det å stadig bygge meir kan også skape uheldig presedens i høve til dei andre bedriftene i verneområdet.

Konklusjon: Søknad om nytt lager på 99 m² synest overdimensjonert, og før ein kan vurdere noko nybygg i det heile må ein sjå nærare på kor mykje som må lagrast og om det kan frigjerast areal i eksisterande bygningsmasse for å løyse utfordringa med uttransport av restavfall i periodar med avgrensa kapasitet på Gjendebåten. Det kan skape uheldig presedens om ein stadig opnar for nybygg utan først å gjera ei samla vurdering av den eksisterande situasjonen.

Arkivsaksnummer:	2019/5461-3	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	14.02.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	8/2019	04.03.2019

Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Bruk av snøskuter Eidsbugarden-Olavsbu-Gjendebu-Skogadalsbøen - Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 48 i naturmangfaldlova løyve til kjentmannskøyering 2019 for Grindaheim Røde Kors hjelpekorps i samsvar med øvingsplan tilrådd av Innlandet politidistrikt for åra 2019-2021. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ei helg i månadsskiftet mars/april 2019
- Løyvet gjeld ein tur med inntil 10 skutarar langs kvista ruter:
 - Eidsbugarden – Grisletjønn – Olavsbu – Eidsbugarden
 - Tyinholmen – Skogadalsbøen – Tyinholmen
- Løyvet gjeld ein tur med inntil 4 skutarar langs kvista rute:
 - Grisletjønnen – Gjendebu – Grisletjønnen
- Lokalt SNO, Rigmor Solem, skal varslast i forkant av kjentmannsturane (e-post rigmor.solem@miljodir.no eller SMS til 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 01. mai 2019.

Øvinga er eit ledd i ein overordna øvingsplan for 2019-2021, og tilsvarande løyve for komande år i planperioden kan godkjennast administrativt av nasjonalparkforvaltar.

Det bør for dei to neste åra i planperioden etablerast tettare dialog med dei andre hjelpekorpsa, som også har aktivitet som dels overlappar det omsøkte øvingsområdet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om dispensasjon for kjentmannskøyering i området Eidsbugarden-Olavsbu-Gjendebu-Skogadalsbøen-Tyinholmen, oversendt via Innlandet politidistrikt v/ Kristoffer M. Tessem ved e-post 31.01.19
- Uttale frå politiet Innlandet politidistrikt v/ Kristoffer M. Tessem datert 14.01.19
- Førebels svar med orientering om behandlinga ved e-post 14.02.19
- Orientering om øvinga til Vest politidistrikt og kommunane Lom, Luster og Årdal ved utgåande e-post 14.02.19
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder utarbeidd i samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Justisdepartementet
https://www.regjeringen.no/contentassets/29ca7289d3f94ccbbae38c471eab2ab8/retningslinjer_redningstjenestens_bruk_snoscooter_utm_ark_verneomrader_130131.pdf

Saksopplysningar

Grindaheim Røde Kors hjelpekorps har lagt fram øvingsplan med behov for kjentmannskjøring for ca. 50 deltakarar og 25 skuterar i 2019. Øving 3 vil dels foregå i

nasjonalpark/landskapsverneområde, og her er talet på skuterar redusert til 10 i søknaden.

Øvelse nr. 3	Navn på øvelsen: Vinterøvelse	Tema for øvelsen: Bereskapsarbeid snøskred, trygge trasevalg, egensikkerhet	Øvingsmomenter m.v. Navigasjon, søk og redning, trygge trasevalg, transport av mannskaper, utstyr og pasienter. Søk og redning i snøskred. Samhandling flere instanser. Egensikkerhet
Tidspunkt: (angi som periode, event. dato) Mars/April 2019, 2020 og 2021			
Øvingsområde: (Fylke, kommune, områdets navn, kjørerute)		Kjentmannskjøring utenfor verneområde trenger dispensasjon etter § 6 fra Kommunen:	
Hele Vang kommune		Kommune: _____ Dispensasjon: Godkjent / Ikke Godkjent	
Rute 1: Vang – Syndin – Helin – Belgen – Filefjell (aktuelle tuområder) Rute 2: Sandalen – Tomashelleren – Steinbusjøen – Eidsbugarden (aktuelle turløyper + DNT hytter) Rute 3: Slettefjell – Yksendal – Eidsbugarden (aktuelle turløyper + DNT hytter) Rute 4: Merka turløyper i Jotunheimen Nasjonalpark: Eidsbugarden – Gjendebru, Olavsbu, samt merka turløype Tyinholmen – Skogadalsbøen. (OBS: RUTE 4 SØKES DET OM INNTIL 10 SNØSCOOTERE) Rute 5: Filefjell – Slettningsbu – Tyinosen (Aktuelle turløyper + DNT) OMRÅDENE RUNDT FILEFJELL OG PÅ EIDSBUGARDEN (UTEN FOR NASJONAPARK) BRUKES I FORBINDELSE MED STØRRE REGIONAL RASØVELSE		Sign/stemp (evt vedlagt disp.) _____	
Verneområde: Ja ☒ Nei ☐		(Verneområdets navn) Jotunheimen Nasjonalpark	
Hvis ja, oppgi hvilket verneområde. Det må søkes om dispensasjon.		Politiets kommentarer med eventuell godkjenning:	
Antall kjøretøy og personer som forventes involvert: Ca 25 snøscootere og ca 50 personer		Politiets innstilling for godkjenning. Dette er et populært område for turister og det er viktig at RS har kunnskap om geografi og forhold i området. Kristoffer M. Tøsse, lensmann.	
Ansvarlig øvingsleder: Jon Helge Solemsli/Oppland Røde Kors			

Kristoffer M. Tøsse



I planen er berre Vang kommune oppført som øvingsområde, men øving 3 omfattar og areal innan Lom, Luster og Årdal. Øvingar godtkjent av politiet krev ikkje særskild behandling etter motorferdsellova i kommunane, men det er likevel viktig at dei blir informert om hendingar innan sine grenser. Den del av søknaden som gjeld verneområda er kjentmannskjøring frå Eidsbugarden til Gjendebru og Olavsbu og frå Tyinholmen til Skogadalsbøen via Koldedalen, i månadsskiftet mars/april for kvart av åra 2019, 2020, 2021. Formålet er oppgjve til å gjera seg kjent slik at ein kan gjera trygge vegval og logging av ruta med GPS. Hjelpekorpsset vil følgje stikka ruter mellom turisthyttene, og kartutsnittet under viser dei kvista rutene:



Arbeidsutvalet til nasjonalparkstyret gjorde slik vedtak i sak AU-1/2018:

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskjøring 2018 for Grindaheim Røde Kors hjelpekorps i samsvar med øvingsplan for mars 2018 på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for helga 16.-18.mars 2018
- Løyve gjeld ein tur med inntil 10 skutarar langs kvista rutene:

- Eidsbugarden – Grisletjønn – Olavsbu – Eidsbugarden
 - Tyinholmen – Koldedalen – Skogadalsbøen – Tyinholmen
- Løyve gjeld ein tur med inntil 4 skutarar langs kvista ruter:
 - Grisletjønn – Gjendebu – Grisletjønn
- Lokalt SNO skal varslast per telefon/SMS i forkant av kjentmannsturane (tlf. 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 01. mai 2018.

For komande sesongar ber nasjonalparkstyret om at det blir lagt fram ein overordna øvingsplan som viser planlagt aktivitet for heile sesongen eller gjerne for ein fleirårig periode.»

Ifølgje rapport frå 20.03.18 gjennomførte Grindaheim Røde kors Hjelpekorps øvinga med 7 skuterar til Skogadalsbøen, 3 skuterar til Gjendebu og 10 skuterar til Olavsbu, 16.03.18.»

Heimelsgrunnlag

Delegering


Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken og landskapsvernområde forbod mot motorferdsel – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1. Etter Miljøverndepartementet sitt rundskriv «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder», datert 31.03.2013, krev kjentmannskøyring dispensasjon etter naturmangfaldslova §48.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Turisthyttene og dei kvista løypene mellom dei ligg i såkalla brukssone med store naturkvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



Naturmangfaldlova

Søknad om dispensasjon til kjentmannskøyring krev løyve etter § 48 første alternativ, og kan vurderast for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er mange hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til

verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og særleg dei indre delane har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan koma seg inn frå ulike kantar. Under større redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for assistanse frå nabokorps. Det er store område som skal dekkast, og det er viktig at kompetansen lokalt vert bygd opp i fellesskap mellom dei ulike hjelpekorpsa som naturleg soknar til Jotunheimen.

Omfang av kjentmannsturar er langt høgare i Vang enn det dei andre hjelpekorpsa rundt Jotunheimen opererer med. Det er etablert praksis både i Vågå, Luster og Årdal at dei i ein viss grad kombinerer kjentmannskøyring med oppdrag innan transport og løypestikking.

Vurdering

Jotunheimen og Utladalen viktige friluftsområde, med god infrastruktur i form av kvista løyper og turisthytter. Tradisjonelt har påska vore viktigaste utfartsperioden vinterstid, men ein ser tendens til auka turaktivitet i større delar av året. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur, og korpsa har behov for å bli kjent gjennom kjentmannsturar. Innlandet politidistrikt har ved uttale datert 14.01.19 gjeve sin tilslutnad til øvingsplanen. Delar av øving 3 omfattar også areal i Luster og Årdal kommunar, som ligg under Vest politidistrikt. Ein legg til grunn at politidistrikta har ei samordning av sine tilrådingar når det gjeld øvingar som omfattar område på tvers av dei administrative grensene.

Forvaltningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...» og det må takast utgangspunkt i verneformåla i formålsparagrafen (§ 1) for det aktuelle verneområdet:

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*

-

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

«Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

...

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet, og den frivillige redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Hjelpekorpsa har behov for å gjera seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei vil gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpemannskap. Hjelpekorpsset og politiet har vurdert eit særleg behov for å drive kjentmannskøyring langs merka vinterløyper som går inn i Jotunheimen og Utladalen frå Fondsbu/Eidsbugarden.

Vinterstid er generelt ei sårbar periode for faunaen i høgfjellet. Nokre artar er særleg utsette, blant anna rovfuglane som startar førebuing til hekking tidleg på vinteren. «For rovfugl som hubro, jaktfalk og kongeørn kan også forstyrrelser ved hekkeplass i etableringsfasen (februar – april) føre til at hekking uteblir.» (utdrag av sårbarhetsvurdering for fugl i Jotunheimen (rapport 2014)). Det er fleire sårbare artar som brukar området rundt Gjendebu (§ 8 i nml om kunnskapsgrunnlaget). Her er det ei løype som vert kvista i forkant av påske og det er derfor allereie noko forstyrring i området. Det er likevel viktig å vurdere omfang av ferdsel og auka grad av forstyrring – jf. naturmangfaldlovas §10 – økosystemtilnærming og samla belastning. Kjentmannskøyringa er del av samla belastning, og ved å setja vilkår om å avgrense talet på skuterar som køyrer avstikkaren ned til Gjende vert forstyrringa redusert (§ 9 i nml om føre-var-prinsippet). Då øvingsplanen er godkjent av politiet vert kjentmannskøyringa vurdert som nødvendig kjøring (jf. retningslinjene frå 2013), men omsyn til verneverdiane tilseier at det må vera strengare prioritering av tal skuterar på dei mest sårbare strekningane. Hjelpekorpsset må

organisere øvinga med færre skuterar, slik at det blir ei rulling mellom deltakarane i løpet av 3-årsperioden planen dekkjer. §§11 og 12 er ikkje relevante i saka. Kjentmannskøyeringa er for å kunne gjera seg kjent i ulike delar av aktuelle utrykkingsområde. Generell trening med skuter er viktig for å meistre ulike forhold i fjellet, men slik trening skal leggst utanfor verneområdet – jf. retningslinjer fastsett av Miljøverndepartementet og Justisdepartementet i felles retningslinjer frå 2013.

Konklusjon:

Eidsbugarden-området vert vurdert å vera blant Grindaheim Røde Kors hjelpekorps sine viktige område med tanke på utrykking. Norsk Folkehjelp Årdal overlappar delvis med området Tyin – Skogadalsbøen. Det er ønskjeleg at dei ulike hjelpekorpsa planlegg kjentmannsturar og vurderer det samla behovet, med forankring i ein langsiktig overordna øvingsplan. Det er relevant å etablere ein god dialog med hjelpekorpsa i Vågå, Lom, Luster og Årdal. M.a. har Vågå RKH ansvar for stikking av ruta Gjendebu-Olavsbu, og har også testa sambandsløysingar i område innan nasjonalparken med varierende dekning.

Politiet skal vurdere det beredskapsmessige behovet i ein øvingsplan som også inkluderer talet på skuterar, og ein registrerer at talet er redusert vesentleg innan verneområda i høve til det som gjeld på kjøringa utanom nasjonalpark/landskapsvernområde. Talet på skuterar i denne søknaden er likevel stort samanlikna med andre hjelpekorps i verneområdet, og ein bør evaluere læringseffekten av så mange skuterar i følgje. Hjelpekorpsset bør også vurdere inntrykket ei så stor kolonne har på andre brukarar av verneområdet. For å redusere påverknadane på særleg sårbare verneverdiar rundt Veslådalen vert talet på skutarar på strekninga Grisletjønne-Gjendebu avgrensa til 4, som det også vart gjort i 2018.

Grindaheim Røde Kors hjelpekorps har utarbeidd ein øvingsplan som viser all aktivitet gjennom året for perioden 2019-2021. Med dette kan ein lettare identifisere behov for forbedring og over ein lengre periode systematisk byggje opp kompetanse i hjelpekorpsset. Politiet skal i medhald av retningslinjene sende ut køyreordre ved godkjende øvingar. Dersom politiet sender kopi av køyreordre til nasjonalparkforvaltar og SNO, vil ein unngå meirarbeid med varsling og rapportering frå hjelpekorpsa. Ein fleirårig plan vil redusere papirarbeid knytt til godkjenning av søknader.

Arkivsaksnummer:	2019/3533-4	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	18.02.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	9/2019	04.03.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2019 - Merking og gjennomføring av konkurranseløp - Raid des Trolls en Norvège - Raids & Adventure v/ Paul Vilcot

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 5.2 i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, dispensasjon til å arrangere løpet Raid des Trolls en Norvège 13.-15. august 2019.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Arrangementet gjeld for ca. 45 deltakarar.
- Merking av den delen av løypetraseen som går i landskapsvernområdet skal fjernast så raskt dette lèt seg gjere etter at arrangementet har funne stad. Mannskap som samlar inn merkeband skal også rydde eventuelt søppel som måtte følgje av arrangementet.
- Det skal ikkje setjast opp reklame i verneområdet.
- Deltakarane og eventuelle tilskodarar skal gjerast kjende med at delar av løpet skjer i eit verneområde, og at det skal takast særlege omsyn til naturmiljøet
- Arrangøren må stille krav til deltakarane om å ha med utstyr for å klare seg i fjellet under varierende værforhold.

Det er ikkje søkt om motorferdsel eller bruk av drone i verneområdet, og styret legg til grunn at slike hjelpemiddel ikkje skal brukast.


--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad ved e-post av 24.01.2019
2. E-post av 31.01.19 med spørsmål om utfyllande opplysningar om arrangementet
3. Tilleggsopplysningar i e-post av 01.02.19.

Saksopplysningar

Det er søkt om dispensasjon for gjennomføring av fjellterrengrøpet Raid des Trolls en Norvège, som vil følgje traseen Hjelle-Vetti-Vettismorkje-Fleskedalen-Koldedalen-Fondsby-Rauddalen-Fondsby-Tyinhiolmen-Hjelledalen-Hjelle, jf. kartskisse under. Eit liknande løp vart gjennomført i 2018, utan søknad, og dei fekk da opplysningar om regelverk m.m. frå SNO.



Det er ikkje søkt om speakerteneste / høgtalaranlegg eller motoriserte hjelpemiddel for gjennomføring. Etter spørsmål om tilleggsopplysningar om omfang og konkret opplegg for arrangementet, er det i e-post av 01.02.19 opplyst følgjande:

«Here are the answers to your questions

- August 13th is the red route on the map (utladalen Protected Landscape).
- August 14 is the black course (Jotunheimen National Park).
- August 15 Corresponds to the blue course (utladalen Protected Landscape).
- Participants are limited to 45
- The people will be staying at the utladalen campsite as well as at the DNT Fondsbu shelter just like last year.
- All meals will be taken at the campsite and at the refuge.
- Trail participants take their own supplies for each day as a hiker. Garbage will be processed at the campsite and at the shelter (it is the DNT Fondsbu refuge that prepares meals for us)."

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneforskrift

§ 3, pkt. 5.2 om organisert ferdsel:

«Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.»

§ 3, pkt. 7.3, om støy:

«Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l.»

Forvaltningsplan

I framlegg til forvaltningsplan frå 2008 er konkurranser definert som organisert ferdsel som krev dispensasjon frå verneforskrifta. Forvaltningsplanen har slik føring for organisert ferdsel:

«Følgjande punkt definerer når det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel (turar) til fots eller på ski:

- *Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merkte stiar er grensa 100 personar pr. tur*
- - - -
- *Større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar (sjå kap. 8.10) må ha særskilt løyve (sjå verneforskriftene).»*

Det er elles slike generelle føringar for konkurransar og arrangement i planutkastet frå 2008: «*Slike arrangement har mykje positivt ved at deltakarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, andre folk på tur i området, og eventuell slitasje, og i tillegg eventuell bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til desse arrangementa m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedekning. Arrangementa i nasjonalparken må m.a.o. ikkje bli så store at arrangementet er avhengig av motorferdsel, og ikkje vere så store at dei vert uoversiktlege, då dette lett kan føre med seg slitasje og uro.- -»*

Naturmangfaldlova

Alle dispensasjonar blir vurderte opp mot nml §§ 8-12.

Presedens

Følgjande arrangement/konkurransar har vore gjennomførte dei siste åra:

- Galdhøpiggenrenn - telemarksrenn ved Galdhøpiggen (vår)
- Telemarksrenn på Dyrhaugsryggen (vår)
- Sykkel- og turløpet Fannaråken Duatlon (sommar)
- Nasjonalparkfestival i Utladalen og Årdal m/ Vettisløpet (vår)
- Motbakkeløp Galdhøpiggen (første gong 2008, ikkje arrangert etter 2014)
- High Camp ved Turtagrø (delvis innafor nasjonalparken, vår)
- Besseggenløpet – gammalt turløp som vart teke opp att i 2010.
- Jotunheimløpet, sledehundeløp, april

Det er nokså stor interesse for ulike arrangement, jf. revidert oversikt. For å unngå uheldig presedensverknad er det viktig å kanalisere arrangement til robuste delar av verneområdet, og halde forstyrringane knytt til arrangement på eit lågast mogleg nivå.

Det er gjeve løyve til arrangement i Jotunheimen og Utladalen m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid og med full opprydding kort tid etterpå.

Det vart i sak 52/2017 gjeve liknande dispensasjon til Xreid Norway AS for løpet *Xreid 2018*. Xreid er eit større arrangement med fleire deltakarar (250) og nyttar hjelpemiddel som dronar, så det er ikkje direkte samanliknbart.

Vurdering

Løpet følgjer opparbeidde vegar og etablert rutenett med T-merking. Deltakartalet er ifølgje opplysningar frå arrangøren avgrensa til 45. Dersom det ikkje hadde hatt form av konkurranse, ville det ikkje vore nødvendig med særskild behandling ut frå føringane for organisert ferdsel i forvaltningsplanutkastet, som set grensa ved 100 deltakarar når dei følgjer merka stiar. Det er ikkje søkt om motoriserte hjelpemiddel eller uttrykt noko ønske om å kunne dokumentere løpet med dronefilming. Det vil slik sett ikkje ha vesntleg annan påverknad på området enn ferdsel i grupper som kan ferdast utan særskild løyve.

Det er konkurranseaspektet og merking av løypa som vil krevje dispensasjonsvurdering i høve til § 3 pkt.5.2. Omfanget av arrangementet, tidspunkt på året og tidlegare erfaring er lagt til grunn for vurderingane.

Løpet er planlagt både innanfor og utanfor verneområde. Arrangementet er lagt i sone med høve til tilrettelegging etter forvaltningsplanen, og løypa følgjer opparbeidd veg og t-merka rute

i verneområda. Tidspunkt og opplegg for arrangementet gjer at konfliktgraden mot verneverdiane og andre brukargrupper er liten. Løpet kjem ikkje i konflikt med villreininteresser eller hekkeperiode for sårbar rovfugl. Omfanget av arrangementet er så lite at det i liten grad vil i medverke til slitasje på sti og terreng. Verneområda Jotunheimen og Utladalen er attraktive for arrangement og konkurransar grunna dei spektakulære omgjevnadane, og føre-var-prinsippet tilseier at eventuell presedensverknad må vurderast. Når det ikkje er planlagt med bruk av motoriserte hjelpemiddel kan ein ikkje sjå at liknande arrangement med så lite deltakartal kan tenkjast å vera ein fare for stor samla belastning. Arrangementet gjev ikkje særleg belastning på dyre- og fugleliv sidan det er lagt til august. Det vert vurdert at den samla påverknaden på verneverdiane er akseptabelt (§10 i nml.). Arrangementet vil ha liten påverknad på andre brukargrupper, da det ikkje er lagt opp til bruk av motoriserte hjelpemiddel, dronar eller høgtalaranlegg

Det blir sett vilkår om at tilrettelegginga skal avgrensast til merking med plastband som må fjernast etter avslutta løp. Det er ikkje lagt opp til ekstra merking ut over den vanlege T-merkinga på den delen som går i nasjonalpark. Det skal ikkje settast opp reklame i verneområdet. Deltakarane i konkurransen må få opplysningar om å ha naudsynt utstyr til å klare seg i høg fjellet. Det bør også etablerast baktropp som eit sikkerheits- og miljøtiltak. Representantar for arrangøren som går bak siste løper skal sjå til at alle merkeband blir fjerna og at det ikkje ligg att søppel langs løypa.

ST 10/2019 Eventuelt